



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlarar, innvalstelefonar
Seniorrådgjevar Tor G. Turøy, 55 57 22 22
Rådgjevar Marta Havre, 55 57 22 11

Vår dato
21.11.2011
Dykkar dato
23.08.2011

Vår referanse
2011/11400 008
Dykkar referanse
11/1877-1 MJB

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Uttale til “Rom for alle” – Ein sosial bustadpolitikk for framtida

Fylkesmannen konstaterer at utgreiinga fokuserer på at fleire vanskelegstilte bør få høve til å eige sin eigen bustad. Vi er ikkje usamde i målsetjinga om at vanskelegstilte bør få hjelp til å kjøpa bustad. Dette er likevel ikkje det mest nærliggjande alternativet for alle, og vi vil i difor fokusera på tiltak for dei kanskje mest utsette gruppene:

Kommunale bustader bør vera eit offentleg satsingsområde (kapittel 9)

Dei mest vanskelegstilte er leigetakarar i større grad enn andre. Dei bur i dei dårlegaste bustadene, og det å kjøpe er ikkje så aktuelt for ein som står i kommunal bustadkø eller er bustadlaus. Når det gjeld bustadtilbodet til desse kan vi sjå at:

- Tilbodet på kommunale leigebustader er ikkje stort nok til å dekkja etterspurnaden, og mange må stå lenge på venteliste før dei får noko.
- Det er ofte dårleg vedlikehald av kommunale bustader.
- Nokre kommunale bustader er gjennomgangsbustader som leigebuaren må flytta ut av etter ei tid, sjølv om ho eller han ikkje har klart å skaffa seg ein varig bustad.
- Det er ei opphoping av kommunale bustader for vanskelegstilte i nokre gater/nærmiljø, med dei utfordringar dette fører med seg.
- Tilbodet på den private leigemarknaden er kritikkverdigg med mange husvære av dårleg kvalitet og opphoping av sosiale problem.

Tilbod om trygge varige bustader er eit av dei viktigaste tiltaka for å bekjempa fattigdom. Difor bør det vera eit felles statleg og kommunalt satsingsområde å skaffa fleire gode utleigebustader for vanskelegstilte. Vi treng fleire bustader og differensierte tilbod med spesielle løysingar for dei som treng det. Vi treng fleire små, robuste utleigebustader, gjerne med lokale for bistandspersonell, for dei som treng ekstra hjelp, og for dei som ikkje kan eller vil slutta å rusa seg.

Når kommunen skal planleggja for fleire kommunale utleigebustader, må det tenkjast både på plassering og nabolag og vaktmeisterstenester og vedlikehald. Det er naudsynt å planleggja for integrering og ikkje samlokalisera mange bueningar for utsette grupper. Statlege styresmakter bør framleis stimulera kommunane til å utarbeida bustadsosiale handlingsplanar. Desse planane må integrerast i kommuneplanen og gjerne innehalda tomter for kommunale utleigebustader spreidd i kommunen.

Statlege styresmakter bør vurderer eigne tilskotsordningar for å betra vedlikehaldet av kommunale bustader og vurderer krav om vedlikehaldsplan ved tildeling av tilskot. Fylkesmannen er uroa over at einstilte kommunar tek utbytte frå utleigeverksemda samstundes som naudsynt vedlikehald vert nedprioritert. "Sosialbustader" eignar seg ikkje for kommunal forretningsdrift med utbytte som eit av føremåla.


Rett til oppfølging i bustad bør lovfestast (kapittel 10)


Med oppfølging i bustad meiner vi bistand til rusmisbrukarar og andre som treng tett oppfølging for å skaffa seg, behalda og klara å bu i bustaden. Slike oppfølgingstenester er primært sosiale tenester, som til ein viss grad er regulerte i sosialtenestelova, i alle fall den delen som kan karakteriserast som praktisk bistand. Det er stor variasjon i korleis kommunar tildeler og heimlar slike tenester. Vi har sett ein auke i bruk av einskildvedtak, der vedtaket til dømes inneheld eit minimumstimetal for bistandstenester. Personar som treng slike tenester, har gjerne lite kontakt med det vanlege hjelpeapparatet, og dei nyttar seg ikkje alltid av tenester dei har krav på. For å sikra denne gruppa rett til oppfølging, bør vi utgreia spørsmålet om ei klar lovfesting av slike tenester. Vi bør også vurderer statlege tilskotsordningar til oppretting av kommunale stillingar for burettleiarar/bistandspersonell for dei som har problem med å ta vare på seg sjølv og bustaden sin, eller som stadig kjem i konflikt med miljøet rundt seg.

Lovfest retten til varig bustad – skaff fleire bustader (kapittel 12)

Vi ser at nokre bur lenge i mellombelse bustader som til dømes hospits, og vi konstaterer at sosialtenesta og andre hjelpetenester ikkje maktar å hjelpa dei til å skaffa seg varig bustad. Fylkesmannen er likevel usikker på om ein lovfesta rett til varig bustad etter tre månader på hospits vil verta noko anna enn ein paragraf med tomt innhald om det ikkje kjem monaleg fleire kommunale bustader. Difor meiner vi at kommunane må få plikt til å eige og/eller å disponere nok utleigebustader for vanskelegstilte. Utleige bør ikkje skje på forretningsmessig grunnlag, men eit eventuelt overskot frå husleiga skal nyttast til vedlikehald og utbetringar av bustadene.

Med helsing


Rune Fjeld
assisterande fylkesmann


Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrifter.